



Tor Lien
Kalfarveien 35 i
5018 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1929 - 18/11789

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.04.2018

Avklaring i høve handsaming av innkommen klage - gbnr 212/66 Eikanger øvre

Tiltak: Legalisering av kai
Byggjestad: Gbnr: 212/66 Eikanger øvre
Tiltakshavar: Tor Lien
Ansvarleg søkjar: Tor Lien

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar klage på vedtak om avvising av søknad, klagen er datert og postlagt 10.02.18. Klagen er motteken hjå kommunen den 01.03.18.

Saka det er søkt om og vedtaket som er påklaga gjeld legalisering av ulovleg etablert kai. Ved legalisering av eit tiltak som er ført opp utan løyve vert saka handsama som om at tiltaket ikkje er etablert.

Det aktuelle tiltaket krev at det vert søkt om dei dispensasjonar som er nemnd i vårt brev datert 14.06.17 og gjentatt i avvisingvedtak datert 17.01.18.

Tiltaket krev dispensasjon i frå plankravet i KPA § 1.1 – krav om utarbeiding av reguleringsplan, arealføremålet bruk og vern av sjø og plan- og byggegrense mot sjø i kommuneplanen.

For at vi skal kunne ta stilling til søknad om legalisering vil de måtte sende inn oppdaterte teikningar som syner korleis området vert sjåande ut etter gjennomført tiltak, situasjonsplan som syner plassering av kai i forhold til naust, samt snitt og fasadeteikningar av front kai. Dei innsendte skissene som du har lagt ved i klagen er ikkje tilstrekkeleg til at søknaden kan handsamast.

Både søknad om dispensasjon og løyve til tiltak krev nabovarsling.

Av klagen går det fram at delar av kaien er reven, vi ber om at de sender inn fotodokumentasjon som syner det tilbakeføringsarbeidet som de nemner er utført på kaien.

Avklaring og ettersending av dokumentasjon



For at vi skal kunne ta stilling til saka på nytt må de supplere saka med følgjande:

1. Søknad om løyve til tiltak innsendt av ansvarleg føretak med tilhøyrande dokumentasjon.
2. Grunnlagt søknad om dispensasjon frå plankravet i KPA § 1.1 – krav om utarbeiding av reguleringsplan, arealføremålet bruk og vern av sjø og plan- og byggegrense mot sjø i kommuneplanen.
Vi legg ved dispensasjonsrettleiar, sist i denne ligg det eit framlegg til søknad om dispensasjon som de kan nytte.
3. Oppdaterte teikningar som syner korleis området vert sjåande ut etter gjennomført tiltak, situasjonsplan som syner plassering av kai i forhold til naust, samt snitt og fasadeteikningar av front kai. Teikningane skal vere målsette og målestokkrette. Vi legg ved kartutsnitt som de kan nytte.
4. Dokumentasjon på gjennomført nabovarsling (blankett nr. 5155 og 5156), naboliste vart lagt ved vårt brev datert 20.07.17.,
5. Fotodokumentasjon som syner det tilbakeføringsarbeidet som er utført.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.05.18.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

dispensasjon
Kartutsnitt grunnkart matrikkel gbnr 212_66

Kopi til:

Tor Lien Kalifarveien 35 i 5018 BERGEN

Mottakarar:

Tor Lien Kalifarveien 35 i 5018 BERGEN